



Silje L Spurkeland

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/412 - 19/32652

Saksbehandlar:  
Anne Wergeland  
Anne.Wergeland@lindas.kommune.no

Dato:  
05.11.2019

## Referat frå møte i SU/SKMU 4.november 2019

### Til stades:

Elevrådet: Matias Monstad (5.kl) og Iselin Angelskår-Hille (7.kl)  
FAU: Silje L Spurkeland, Benedicte O Ludvigsen møtte ikkje.  
Lærarane: Anna Maria S Hetlebakke og Kjersti-Iren I Ljones  
Andre tilsette: Gerd Karin Isaksen  
Kommunen: Laila Bjørge og Anne Wergeland

### Del 1 Samarbeidsutvalet (SU)

#### Sak 17/19 Godkjenning av saklista

Saklista vart godkjend.

#### Sak 18/19 Konstituering av SU/SMU

Val av leiar: Anna Maria Skotsund Hetlebakke (lærer)  
Val av nestleiar: Silje L Spurkeland (FAU)  
Sekretær: Anne Wergeland (rektor)

#### Sak 19/19 Mandatet til SU

- SU er skulen sitt øvste rådgjevande organ i alle saker som vedkjem skulen
- Rektor orienterte kort om kva saker SU kan handsame
- Særskilde saker for skulen som kan kome i tillegg: Ombyggingar og utbyggingar, endringar av uteområdet og liknande. På Seim vil behov for oppgradering av «Småplassen» vere ei aktuell sak dette skuleåret.
- Oppbygging av saklista og organisering av SMU – skulemiljøutvalet. Det var semje om å følgje same system som tidlegare år.
- Alle medlemmar i SU/SMU kan melde saker. Saker bør meldast i god tid. Saker meldast til leiar eller rektor. Saklista skal sendast ut seinast ei veke før møtet.

Meir om arbeidet i skulen sitt samarbeidsutval finn de på FUG sine heimesider [her](#)

#### Sak 20/19 Høyring skulerute 2020/2021



Lærarrepresentantane ynskjer følgjande endring av skuleruta:

*Planleggingsdagane i august vert lagt til 10. og 11.august 2020. Siste skuledag vert lagt til 17.juni 2021. Elevane vil få ein skuledag meir i august og ein dag mindre i juni. Totalt sett likt tal skuledagar.*

Framlegget vart grunngjeven med eit ynskje om ein planleggingsdag fredag i siste skuleveka i juni. Denne dagen kan da nyttast til planlegging av neste skuleår. Alternativet er at den 6.planleggingsdagen vert lagt til to kveldar, noko som ikkje er ynskjeleg. FAU støtta framlegget og peika på at dette også vil vere betre for elevane. Dei får med dette tre samanhengande dagar etter skuleferien før det vert helg i staden for to dagar og så fri igjen. Med tre dagar vert det betre tid til å kome skikkeleg i gang etter ein lang sommarferie.

SU på Seim skule støtter samla framlegget frå lærarane:

*Planleggingsdagane i august vert lagt til 10. og 11.august 2020. Siste skuledag vert lagt til 17.juni 2021. Elevane vil få ein skuledag meir i august og ein dag mindre i juni. Totalt sett likt tal skuledagar.*

Høyringsuttalen vert sendt til Radøy kommune, ved kommunalsjef for oppvekst.

### **Sak 21/19 Elevrådet har ordet**

Elevrådet har hittil i haust hatt 2 møte. Matias i 5.klasse er leiar av elevrådet i år og Iselin i 7.klasse er nestleiar. Elevane orienterte om kva saker elevrådet har jobba med i haust:

- Trygge og gode friminutt for alle elevane på skulen – kva må til?
  - «Kom & leik» - friminuttaktivitetar leia av elevar frå 5. – 7.klasse
  - Fordeling av uteområde
  - Fordeling av fotballmål
  - Innkjøp av ulike baller
  - Bruk av «Tante Martas plass»
  - Bruk av plassen foran uteamfiet til stikkball – fordeling
- Ulike aktivitetstiltak – framlegg frå klassene:
  - Aktivitetsveke for heile skulen
  - Tur til Vannkanten
  - Sykkeldag
- Mange elevar ynskjer lengre skuledag i staden for lekser. Elevane har fått til svar at dette er ei sak som må avgjerast av skuleeigar og/eller dei sentrale skulemyndigheitene. Rektor kan melde saka vidare til Oppvekstetaten i Lindås.

### **Sak 22/19 FAU orienterer om aktuelle saker**

FAU har hatt to møte hittil i haust. Saker FAU har jobba med:

- Skulen har vend seg til FAU med eit ynskje om det er mogleg å få til ein dugnad rundt bygging av «Ballvegg». Det vert no undersøkt moglege alternativ til å få satt opp ein ballvegg.
- FAU etterlyser opprusting av «snarvegen» ned mot parkeringsplassen. Dette børe gjerast no før vinteren sett inn. Fleira har sklidd i bakken og det kan fort skje ei større ulykke i samband med biltrafikken i området. Rektor har meldt saka i haust i samband med vernerunden. Rektor vil på nytt ta kontakt med Driftsavdelinga i kommunen og etterspørje arbeidet.
- Felles foreldremøte i februar. Dei siste åra har skulen og FAU i samarbeid arrangert temamøte i februar i samband med klasseforeldremøta. Dato for møtet dette skuleåret er sett til måndag 17.februar. Det har vore drøfta om ein kan få eit foredrag om noko i retning av «Samarbeid om elevane – eit felles ansvar» eller liknande. Det jobbast vidare med både tema og aktuelle innleiarar.

- Julefesten. FAU og skulen er einige om at det er tid for å gjere nokre endringar igjennomføringa av julefesten. Vi flytter den tilbake til skulen og sett av to kveldar - 17. desember for 5.-7.klasse og 18. desember for 1.-4.klasse. Festen startar med litt felles underhaldning og deretter kaffe, mat og sosialt samvær i klasseromma.

#### **Sak 23/19 Orientering frå skulen om aktuelle saker**

- «Plan for kvalitetsutvikling» er delt ut til alle foreldra i samband med klasseforeldremøta i haust.
- Verksemdplanen for 2019-2020 – årleg rullering. I denne ligg møteplan og møtepunkt, aktivitetar gjennom året, årshjul for drift og årshjul for utvikling.
- «Småplassen»
  - o Det er eit stort behov for opprusting av uteområdet til 1., 2.klasse og SFO. I dag er den prega av mengder med stein, elevar som stadig fører til at elevar sklir og skader seg. Plassen er lite innbydande for aktivitetar trass i at der er både klatrestativ, disse og sandkasse. Rektor har hatt møte med Egedomsavdelinga og drøfta kva som kan gjerast. Eit framlegg er no til gjennomsyn og vil bli sendt til Egedomsavdelinga innan 1. desember. FAU og SU vil følgje opp saka.
- Nye Alver kommune – mykje skal på plass no. Mellom anna må alle arbeidstakarar i kommunen skrive under på ny arbeidsavtale og taushetsplikt. Det er travle tider på kommunenivået.

## **Del 2 Skulemiljøutvalet (SMU)**

#### **Sak 24/19 Seim skule sitt system for systematisk arbeid for eit godt skulemiljø**

Rektor orienterte om framlegget til «system» og dokumentasjon i tråd med krava i kap.9A i opplæringslova. SU ser nytten av at skulen har eit system som vert skildra skriftleg og gjennomgått årleg. Målet er å sikra alle elevane på skulen eit trygt og godt læringsmiljø. Handlingsplakaten tydeleggjer det viktigaste og vil som oppslag minne alle på aktivitetsplikta. Systemskildringa med vedlegg fekk full støtte i SU.

Med helsing

Anne Wergeland  
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Anna Maria Skotsund Hetlebakke  
Benedicte O Ludvigsen  
Elev Iselin Angelskår-Hille  
Elevrådsleiar Matias Monstad  
Gerd Karin Isaksen  
Kjersti-Iren Innvær Ljones  
Laila Bjørge  
Silje L Spurkeland

